

Klubbhandbok for fotballgruppa i Syril

Verdiar – Organisasjon - Rutinar



Innhold

1.	Føremål med klubbhandboka	4
2.	Informasjon om Syril	4
3.	Klubben sine lover	4
4.	Visjon, mål og verdigrunnlag og Fair Play	5
4.1	Visjon	5
4.2	Verdiar	5
4.3	Målsetting:.....	6
4.4	Fair Play	6
4.5	Rasisme, seksuell trakassering og diskriminering	7
4.6	Oppfølging	7
5.	Fotballgruppa si organisering	7
Årsmøte	8	
6.	Rutinar klubbdrift	9
6.1	Anlegg.....	9
6.2	Arrangement	9
Heimekampar	9	
Kampvertar	9	
Kioskdrift.....	9	
Billettsal	9	
6.3	Alkohol.....	10
6.4	Buss.....	10
6.5	Beredskap.....	10
Varslingsplan på bana.....	10	
Ved alvorleg bilulukke:	10	
6.6	Forsikring	11
6.7	Informasjon og kommunikasjon.....	11
6.8	Konflikthandtering.....	12
6.9	Klubbkolleksjon/Materiell	13
6.10	Politiattest	13
6.11	Trafikkultur	13
6.12	Økonomistyring	14
Budsjett	14	
Økonomirutinar	14	
6.13	Medlemskontingent og treningsavgift	14

6.14	Rekrutteringsplan	15
	Rekruttering av nye årskull.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
	Hindre fråfall av spelarar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
	Rekruttering av trenarar.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
	Rekruttering av dommarar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.15	Utdanning og kompetanse	18
6.16	Treningstider	19
6.17	Kampoppsett	19
6.18.	Flytting av kampar	20
7.	Fair Play i praksis	21
8.	Samarbeid med andre klubbar	24
	Cupar	25
	Trening med andre klubbar utanom og i sesong	25
	Permanent overgang	25

1. Føremål med klubbhandboka

Klubbhandboka gir oversikt over visjon og verdier som ligg i botn for all aktivitet i gruppa, organisering og rutinar for drift av fotballgruppa. Den skal vere eit praktisk hjelpemiddel for alle i klubben som gjer det enkelt å finne kva som gjeld for oss i Syril.

Handboka er utarbeidd av styret med innspel frå foreldre /trenarar/leiarar. Den ligg på nettsida til Syril. 1. utgåve av klubbhandboka vart lagt fram på årsmøtet i februar 2019. Styret i fotballgruppa kan revidere klubbhandboka ved behov. Alle kvalitetsklubbar skal ha klubbhandbok.

2. Informasjon om Syril

Syril fotball er ei av fleire undergrupper i fleiridrettslaget Syril.

Klubben postadresse:	Eggjavegen 12 6863 Leikanger
E-post	post@syril.no
Heimeside	https://syril.no/
Facebook	https://www.facebook.com/syril.no/
Organisasjonsnr.	975700526
Bankforbindelse	Sparebanken Sogn og Fjordane
Bankkonto Syril Fotball	3781 14 13101
Vips Syril Fotball	111103
Medlem av:	Norges Idrettsforbund og Norges olympiske- og paralympiske komité, Vestland idrettskrets
Særforbund:	Norges Fotballforbund/Sogn og Fjordane Fotballkrets

Fotballgruppa vart skipa i 1945. Gruppa organiserer aktivitet for omlag 250 spelarar frå 6 år og oppover til og med senior. Syril sitt geografiske område er primært gamle Leikanger kommune. Du finn informasjon om Syril og fotballgruppa på heimesida www.syril.no.

3. Klubben sine lover

Syril er eit fleiridrettslag, og fotballgruppa er underlagt klubben sine lover og reglar.

- [Lov for Idrettslaget Syril](#), vedteke av årsmøtet 14.mars 2016 (tilgjengeleg på www.syril.no)

Formålsparagraf § 1:

- Arbeidet skal pregast av **frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd.**
- All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdier som **idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegheit.**

Syril er medlem i Norges Idrettsforbund og Norges Fotballforbund (NFF), og fyl dei lover og reglar som forbunda fastset.

Fotballgruppa skal fylgje NFF sine retningslinjer for Barne- og ungdomsfotballen.

4. Visjon, mål og verdigrunnlag og Fair Play

Fotball er den største idretten i Norge og i Syril, dvs. den aktiviteten som flest born og unge deltek i. Det gir og eit særskilt samfunnsansvar for at fotballmiljøet fremmar trivsel og gode haldningar.

Visjonen, verdiane og formålet er rettleiande for alle som er knytt til fotballgruppa, både aktive og støtteapparat. Verdiane beskriv korleis vi vil ha det i Syril, og skal hjelpe oss til å:

- skape eit godt klubbmiljø der ein tek godt vare på kvarandre og behandlar kvarandre med respekt
- danne grunnlag for god oppførsel og gode holdningar
- hjelper oss til å ta gode avgjerder i kvardagen

Som spelar, trenar, tillitsvald eller supporter opptre vi ikkje berre på vegne av oss sjølve, men på vegne av klubben.

Styret har det øvste ansvaret for at fotballgruppa aktivt arbeidar for å etterleve Fair play og vedteke verdigrunnlag. Tillitsvalde i fotballgruppa skal opptre i samsvar med verdiane.

4.1 Visjon

Fotballglede, moglegheiter og utfordringar for alle

- Flest muleg, lengst muleg, best muleg

4.2 Verdier

Aktiviteten i fotballgruppa er basert på idretten sine grunleggande verdier:

Idrettsglede – Felleskap - Helse – Ærleg

Arbeidet i fotballgruppa er prega av:

Frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd

For oss betyr dette m.a.:

Idrettsglede

- Fotball er moro. Vi har fokus på trivsel og legg rette for meistring på alle nivå.
- Spelarar, trenarar, dommarar, leiarar og foreldre engasjerer seg og bidreg til at vi har eit fotballmiljø prega av likeverd, trygghet og trivsel.
- Det er eit felles mål om å behalde flest mogleg av spelarane lengst mogleg. Spelarutvikling er viktigare enn resultat i enkeltkampar.

Felleskap

- Gjennom fotballen er vi en del av ein klubb og eit lag. Vi er stolte over å representere Syril.

- Vi har ein klubbkultur prega av respekt mellom spelarar, trenarar, leiarar, dommarar og motstandarar.
- Klubben er sjef. Vi har respekt for klubbens overordna mål og retningslinjer
- Aktiviteten er forankra i mål og retningslinjer, ikkje i eigne ambisjonar og meiningar på tvers av klubben
- Vi samarbeidar godt og snakkar med alle. Mellom trenarar/lagleiarar og lag på tvers av alder og kjønn, med tillistvalde og med foreldre.
- Engasjement er viktig for utvikle klubben. Bruka egna fora for å ta opp saker eller usemje. Snakkar med kvarandre, ikkje om kvarandre. Aksepterer demokratiske avgjerder.

Helse

- Vi bidreg til sunn livsstil og har eit trygt sosialt miljø.
- Prestasjonar går ikkje på bekostning av utøvaren si helse.
- Vi fremmar eit positivt kroppsbilde.
- Allsidig. Vi legg til rette for at born også kan delta i andre idrettar.

Ærleg

- Vi opptrer i tråd med Fair Play, på og utanfor bana
- Vi unngår juks, filming, tøyng av regler og utnytting av små formelle feil
- Vi er ærlege og rause. Snakkar med kvarandre, og tek opp usemje i egna fora.
- Leiarar, trenarar, frivillige o.a. er rollemodellar for born og ungdom. Vi opptrer i tråd med verdiane våre.

4.3 Målsetting

- *Born, ungdom og vaksne i nærmiljøet skal ha eit fotballtilbod og eit klubbmiljø som fremmar **trivsel, inkludering og sportsleg utvikling.***
 - *Flest mogleg, lengst muleg*
- ***Fair Play** ligg i botn for all aktivitet på og utanfor bana.*
 - *Spelarar, trenarar, leiarar og foreldre er kjende med og fyl retningslinjer for Fair Play*
- Det vert opplevd som **givande** å bidra som trenar, leiar eller føreset.

4.4 Fair Play

er eit samleomgrep for verdiarbeidet i fotballen. Fair play handlar om overordna verdiar, respekt for andre menneske og vennskap. Fair play syner korleis fotballen opptrer overfor barn og ungdom.

Fair Play gjeld alle – spelarar, trenarar, leiarar og supporterar, som er knytt til fotballen, og ligg i botnen for all aktivitet. Fair Play dreier seg om meir enn å unngå gule og raude kort. Fair play handlar om korleis vi oppfører oss mot kvarandre, **både på og utanfor bana.**

Korleis utøver vi Fair Play i praksis i Syril– sjå meir om dette i kapittel 7.

<https://www.fotball.no/fotballens-verdier/fair-play/>

<https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/verdier-og-virkemidler/>

4.5. Rasisme, seksuell trakassering og diskriminering

Syril fotball har nulltoleranse for rasisme, seksuell trakassering og diskriminering. Alle er velkomne og skal føle seg trygge, inkludert og respektert i klubben uavhengig av inntekt, kjønn, seksuell orientering og kva kulturell bakgrunn ein har. Klubben skal også tilrettelegge for at personar med nedsette funksjonar skal inkluderast, der det er hensiktsmessig, i treningar og kamp.

NFF har oppretta ein varslingskanal mot vald, truslar og rasisme. Vi oppmodar om at denne vert nytta dersom det skulle oppstå uakseptable situasjonar: [MittVarsel](#)

NFF har vidare fleire gode rettleiarar og retningslinjer som kan nyttast for å sikre trygge og inkluderande rammer:

[Retningslinjer ved seksuelle overgrep - Norges Fotballforbund](#)

[veileder-flyktninger.pdf \(fotball.no\)](#)

[inkludering-av-barn-og-unge-fra-lavinntektsfamilier.pdf \(fotball.no\)](#)

4.6. Oppfølging


Styret har det øvste ansvaret for at fotballgruppa aktivt arbeidar for å etterleve Fair play og vedteke verdigrunnlag mv. Styret har ansvar for å fylgje opp og ev. sanksjonere ved brot på m.a. verdigrunnlag og tillitsforhold, diskriminering, samarbeidstilhøve eller andre tilhøve som bryt med idretten sine grunnverdiar.

5. Fotballgruppa si organisering

Fotballgruppa er ei av fleire undergrupper i fleiridrettslaget Syril. Hovudstyret er styringsorganet i idrettslaget, og hovudlaget sitt årsmøte er øvste organ i idrettslaget Syril.

Fotballgruppa vert leia av fotballstyret, og øvste organ i fotballgruppa er **årsmøte i fotballgruppa**.

Organisasjon kartet viser styret (gul farge) med undergrupper i januar 2020. Oppdatert [organisasjonskart](#) med namn og kontaktinfo ligg på heimesida til Syril/Fotball. Undergrupper og fordeling av verv/arbeidsoppgåver kan variere.



Styret har 8-12 møter pr år. Leiar og nestleiar vert formelt valde på årsmøte, leiar er medlem i hovudstyret til Syril. Styret elles vert valde samla på årsmøtet, og kan avtale intern arbeidsfordeling når styret konstituerer seg.

Styret kan opprette undergrupper etter behov, det skal vere avklart kven i styret som fyl opp gruppa/er undergruppa sin kontakt inn i styret. Undergrupper skal ha eit mandat.

Dokument som omtalar organisering, aktivitet og drift av klubben skal vere lett tilgjengeleg på [heimesida til Syril fotball](#) for alle medlemmar.

Rollar, arbeidsoppgåver og mandat til undergrupper er omtalt i dokumentet: [Rollar og arbeidsoppgåver i fotballgruppa](#). Dokumentet vert oppdatert av styret ved behov. Årshjul med oversikt over oppgåver for styret med fleire ligg på same stad.

Årsmøte

Årsmøte vert normalt helde kvart år i februar, før hovudlaget sitt årsmøte. Årsmøtet vert avvikla i tråd med [reglane](#) i [Lov for idrettslaget Syril](#)

Fotballstyret kallar inn til årsmøte minst 1 måned på førehand. Dette skjer på heimesida til Syril, og ved oppslag på møteplassar i bygda/butikkar. Forslag som skal handsamast på årsmøte må sendast til styret innan 2 veker før årsmøtet. Sakliste og naudsynte saksdokument skal vere tilgjengeleg på nettsida seinast 1 veke før årsmøtet. Det skal .skrivast referat frå årsmøtet, som skal signerast av 2 personar valde på årsmøtet.

Alle medlemmar har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan og invitere andre personar og eller media til å vere til stades, ev. vedta at årsmøtet berre er ope for medlemmane.

Faste saker er gjennomgang av årsmelding, rekneskap og val. Forslag til budsjett vert lagt fram av styret. Endeleg budsjett vert vedteke på årsmøte i hovudlaget.

6. Rutinar klubbdrift

Rutinar for klubbdrift skal vere tilgjengeleg på Syril si nettside.

6.1 Anlegg

Syrl eig kunstgrasbana og grasbana ved barneskulen. I tillegg låner vi kunstgras ved Ungdomsskulen. Informasjon om baneanlegget ligg på nettsida.

Barneskulen nyttar anlegget på dagtid, til gjengjeld kan Syril nytte garderobeanlegget ved barneskulen.

Utleige av anlegg til andre klubbar – informasjon ligg på nettsida til Syril finns under fana [anlegg-kunstgras](#).

6.2 Arrangement

Heimekampar

Kamp-laga har ansvar for heimekamparrangementet

Kampane skal avviklast i samsvar NFF sine retningslinjer

Kampar i Kretsligaen skal fylgje eigne retningslinjer

Kampvertar

Det skal vere kampvertar på alle kampar. Denne skal ha gul Fair Play vest, slik at det er tydeleg kven som er vert. Kampvert tek imot gjestande lag, viser veg til garderobe og elles hjelper til med praktiske spørsmål. Elles bidra til ei god ramme rundt kampen prega av Fair Play. Ta opp usportsleg oppførsel på tribunen, om dette skulle oppstå. [Oppgåver](#).

Kioskdrift

- Det skal vera kiosk på Syril sine kampar
- Det skal serverast frukt i pausen til laga, og ev. kaffi/saft til lagleiar/trenar.
- Kamp-laga har ansvar for kiosksalet, og lagleiar syter for dugnadliste
- Kioskansvarleg har ansvar for innkjøp, og sender ut oppdatert kioskinstruks ved start kvar vår.
- [Kioskinstruks](#) ligg på nettsida.

Billettsal

Det er inngangsbillett på senior sine serie kampar, elles er kampane gratis.

6.3 Alkohol

- Barn og unge under 18 år som deltar i organisert aktivitet i regi klubben skal møte eit trygt idrettsmiljø der det ikkje skjer misbruk av alkohol.
- Ingen tillitsvalt, representant eller engasjert leder eller trener skal komme påverka til trening, konkurranse, seminar.
- Ansvarlege for reise i regi klubben skal alltid være edru.
- Treningar, leiarar og utøvar skal framstå som gode førebilde, og skal ikkje drikke alkohol i samvær med born og unge.
- Tribunekulturen skal være trygg, familievennleg og alkoholfri.
- Retningslinjene medfører ikkje forbod for styret, tillitsvalte, trenarar, dommarar, eller representantar over 18 år mot å drikke alkohol. I sin rolle eller ved representasjon er ein representant for klubben, og skal opptre deretter.

Klubbens retningslinjer er i tråd med forhold til alkohol, vedteke av Idrettsstyret.

Lenke: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/folkehelse-og-skole/alkohol-og-tobakk/>

6.4 Buss

Syrl sin buss skal nyttast når det er mogeleg. For å bli sett opp til køyring må sjåføren vere fylt 21 år eller hatt sertifikat i 3 år. Ein må ha sertifikat for minibuss og eige sjåførkort som skal settjast i teljaren. Bussen har Autopass-brikke og ferjekort.

[Reglar for bruk og info om bestilling av buss ligg på nettsida.](#)

Ansvar for administrasjon/utlån av bussen er : Harry Chistensen/Knut Henning Walaker

6.5 Beredskap

Ved alvorleg skade og sjukdom ved bane/klubbhus

Det er **hjartestartar** tilgjengeleg i ballrom.

Varslingsplan på bana

- Kartlegg skade.
- Ring ambulanse 113.
- Sikre frie luftveggar.
- Om naudsynt start livredning med hjarte kompresjon.
- Om naudsynt stopp alvorleg bløding.
- Ordne førstehjelpsutstyr/båre.
- Syt for personell som viser veg for ambulanse.
- Unngå bruk av sosiale medium.
- Varsle leiar i Syril IL fotball om beredskapsgruppe skal settast.

Ved alvorleg bilulukke:

- Sikre skadestad.

- Ring ambulanse 113.
- Få oversikt over situasjon.
- Prioriter skader, livstruande eller ikkje.
- Alvorleg skade/død. Ring politi 112.
- Ring lokal legevakt, få psykososialt team på plass.
- Unngå bruk av sosiale medium.
- Ta utøvarar vekk frå skadestad/forklar.
- Ved brann. Ring brannvesen 110
- Varsle leiar i Syril IL fotball/ Syril il som tek kontakt med kommunen om beredskapsgruppe skal settast.

6.6 Forsikring

Forsikring er inkludert i medlemskapet i Syril idrettslag for born opp til og med 12 år. For eldre spelarar er forsikring i tillegg avhengig av at spelar/leiar er registrert som aktiv i FIKS.

Alle frå og med 12 år skal alle aktive i Syril fotball vere registrert i FIKS.

Ta kontakt med Idrettens Skadetelefon på 987 02033/meld skade på <https://www.idrettshelse.no/>

Du finn meir informasjon om kva du skal gjere ved idrettskade her:

<https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/2016/hva-gjor-jeg-ved-fotballskade/>

Det er mogeleg for kvar enkelt spelar å kjøpe utvida forsikring. Denne må betalast av spelaren sjølv. Meir info om utvida forsikring finn de på <https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/2016/hvorfor-utvidet-forsikring/>

6.7 Informasjon og kommunikasjon

God kommunikasjon er viktig for Syril Fotball. Kommunikasjon er eit middel for å bygge klubbkultur og for at klubben er open. Syril Fotball sine primære målgrupper er spelarar, trenarar, lagleiarar, foreldre og andre medlem. Sekundære målgrupper er dommarar, motstandarar, samarbeidspartar og journalistar.

Målet er at planen skal bidra til at informasjon når målgruppene til rett tid , i rett form og gjennom eigna informasjonskanal.

[Syril.no/ball/fotball/](https://www.syril.no/ball/fotball/) er hovudkanalen for informasjon frå Syril Fotball. Nettsida skal vera oppdatert med siste nyhender knytt til fotballgruppa. I tillegg til nyhender finne ein styringsdokument for klubben, informasjon om trenings- og kamptider, kontaktopplysingar, samt ytterlegare informasjon som gjeld Syril Fotball.

Facebook

Syril fotball nyttar Facebook som open informasjonskanal for nyhender. Denne kanalen er også tilgjengeleg på [Syril.no](https://www.syril.no).

Facebook vert også nytta som kommunikasjonskanal internt i laga mellom lagleiar, trenarar og foreldre. Alle lag skal ta høgde for at ikkje alle kan nås gjennom Facebook og ein skal legge til rette for at informasjon også når dei som ikkje er til stades på denne kanalen

Publisering av bilete

Syril fotball følj [idrettsforbundets retningslinjer](#) for publisering av bilete og barn i barneidretten. Utgangspunktet er at ein skal ha samtykke før publisering, uavhengig av kanal. For spelarar under 15 år skal føresette samtykke.

Situasjonsbilete der det er aktiviteten som er hovudmotiv og ikkje person treng ikkje samtykke. Biletet som publiserast utan samtykke skal vera harmlause og ikkje krenkande. Ved tvil om bilete blir for mykje retta mot enkeltindivid så skal ein hente inn samtykke.

6.8 Konflikthandling

Ein konflikt er «Saker som partane ikkje er einige om og ikkje klarer å komme fram til ei løysing på eiga hand». I Syril fotball kan det vera potensiale for konfliktar

I ein organisasjon som «Syril fotball» vil det vera potensiale for konfliktar, det kan bl.a. sportslege, økonomiske prioriteringar, personlege motsetningar osv.

Det viktigast tiltaket for å hindre konfliktar er førebygging ved å utarbeide

- Sportsplan
- Klubbhandbok
- Verdigrunnlag og Fair Play

Ein må skape ei felles forståing av desse styringsdokumenta til klubben, dette må gjerast i foreldremøte, trenarmøte, spelarmøte o.l. I tillegg må desse dokumenta ligge tilgjengeleg på Syril fotball si nettsida.

Oppstår det konfliktar i foreldregrupper, trenarteam/støtteapparat eller spillegrupper skal ein behandle dette på ein forsvarleg måte. Ønskeleg at saka i størst muleg grad vert løyst med dialog mellom partane. **VIKTIG** at usemja og konfliktar ikkje rammer barn/unge og deira tilbod, her har dei vaksne(foreldre, trenarar mfl.) eit stort ansvar.

Dersom foreldre har spørsmål så ta kontakt med trenar, lagleiar eller styret så tidleg så muleg slik at saka ikkje utviklar seg.

Handtering

- Spørsmål om spelarar, hospitering, treningar o.l. ta kontakt med trenar.
- Er trenarar ueinige kontaktar dei styret v/sportsleg leiar eller leiar aldersbestemt, som då må avklare kva som er kjernen i ueinigheita og jobbe for å finna løysing.

6.9 Klubbkolleksjon/Materiell

Erling Røysum AS på Leikanger som er tilslutta Sport 1 kjeda, tilbyr klubbkolleksjon til rabattert pris for dei som er medlemmar i Syril Idrettslag.

På klubbkolleksjonen til Syril, er det Sparebanken Sogn og Fjordane og Sognekraft sine logoar som skal trykkast på, i tillegg til vår eigen SYRIL-logo.

Alle speledrakter skal i tillegg ha Erling Røysum AS Sport 1 logoen på brystet. Alle speledrakter blir sponsa av Erling Røysum AS.

Alt av materiell/utstyr blir kjøpt på Erling Røysum AS til rabattert pris.

Berre leiar, kasserar og den ansvarlege for utstyr/materiell som er utpeika av fotballstyret, har fullmakt til å bestille/hente ut varer som skal betalast av fotballgruppa sin konto. Alle andre kjøp må dekkast av den/det laget som bestiller.

6.10 Politiattest

Alle trenarar, lagleiarar og andre som har oppgåver i høve mindreårige i Syril skal ha gyldig politiattest. Dette gjeld om trenarar/leiarar på seniornivå sidan mindreårige hospiterer på seniorlaga. Før du søker om politiattest må du ha stadfesting frå klubben om at du treng dette.

1. Fyll ut [skjema](#) for stadfesting frå klubben.
2. Logg deg inn på <https://attest.politi.no> med hjelp av MinID, BankID, Buypass eller Commfides.
3. Vel kategori og formål frå nedtrekksliste. Kategori og formål er frivillige organisasjonar.
4. Last opp stadfesting som du har fått av klubben (sjå punkt 2 over).
5. Vent på svar. Det tek normalt 2 veker og du får politiattesten i din Digitale Postkasse eller posten.
6. Når du har motteke politiattesten, skal den **visast fram** til leiar i Syril eller leiar i fotballgruppa **innan 3 månadar**. Syril skal **ikkje** lagre attesten. Framvising skal gjerast ved **personleg oppmøte**.

Politiattesten er ditt personlege dokument som du skal ta vare på!

Meir info på: <https://www.politi.no/tjenester/politiattest/>

Leiar i Syril hovudstyret har oversikt over kven som har politiattestar og leiar i fotballgruppa har ansvar for at det minimum kvar vår vert sjekke ut om tillitsvalde i gruppa har levert attest.

6.11 Trafikkultur

- Syrilbussen bør nyttast om mogeleg.
- Lagleiar planlegg reise (bestiller buss, lagar køyreliste osv.)

- Spelarane bør sitje samla - pass på at alle spelarane er inkludert i gruppa også når ein fordelar i bilane.
- Lagleiar/trenar har ansvar for å kontakte leiar i Syril fotball dersom det skjer uønska hendingar på reisa.
- Oppmøte er ved Saften
- Vi køyrer i følgje.
- Vi skal alltid bruke bilbelte.
- Vi skal ha god tid til kamp og ferje.
- Det er lov å seie frå ved uvettug køyring.
- Det er ikkje lov å drive øvingskøyring med andre i bilen.
- Sjåførar som køyrer born og unge skal minimum vere 21 år og hatt sertifikat i 3 år.

6.12 Økonomistyring

Budsjett

Klubben skal kvart år utarbeide budsjett for kommande år. Ein budsjetterer med forsiktighetsprinsippet og basert på erfaringstal frå tidlegare rekneskap. Budsjettet blir lagt fram på fotballgruppa sitt årsmøte og endeleg godkjent av hovudlaget.

Økonomirutinar

- Rekneskapet føl i utgangspunktet kontantprinsippet, dvs. at inntekter og kostnader vert bokført i den rekneskapsperioden (år) der posten har oppstått, men ved større beløp kan ein likevel føreta avsetning/periodisering slik at bokføring skjer på "rett år".
- Klubben kjøper teneste frå rekneskapsfører som fører rekneskapet for klubben. Klubben får rekneskapsrapportar kvar andre månad eller etter behov. Rekneskapsåret føl kalenderåret.
- Leiar og økonomiansvarleg disponerer fotballgruppa sin bankkonto. Rekningar vert betalt i nettbank med "dobbel" godkjenning via e-post.
- Vekslepengar kan hentast i bank av økonomiansvarleg eller leiar
- Kontantinntekter frå kiosksal, loddsal etc. skal alltid teljast opp av to personar, oppgjerskjema skal fyllast ut og signerast av begge før pengane vert sett i banken
- Det skal vere om lag 1000 kr i vekslepengar i skrinet

6.13 Medlemskontingent og treningsavgift

Det er hovudlaget i Syril idrettslag som har ansvar for å krevje inn [medlemskontingent](#). Alle som deltek i aktivitet for idrettslag skal vere medlemmar. På nettsida til idrettslaget (www.syril.no) er det oppdatert info om betaling og prisar.

I tillegg til medlemsavgift i Syril skal det betalast treningsavgift til fotballgruppa. Treningsavgifta dekker påmelding til krets, forsikringar, kjøp av utstyr, drift av anlegg, buss etc. På nettsida til idrettslaget (www.syril.no) er det oppdatert info om betaling og prisar.

Endringar i treningsavgift vert fatta av årsmøte i fotballgruppa, ev. av styret etter fullmakt frå årsmøtet.

6.14 Rekrutteringsplan

Syriil fotball har spelarar i aldersklasse 6 år og fram til senior. Det er eit mål å ha lag i alle aldersklassar for begge kjønn. For å få til dette er det viktig å rekruttere så mange som mogleg inn til fotball i tidleg alderskull og ha tiltak som gjer at flest mogleg held fram med fotballen lengst mogleg. Denne rekrutteringsplanen omhandlar rekruttering av nye kull, forhindre fråfall, rekruttering av trenarar og dommarar.

For å legge til rett for eit godt tilbod for borna er det viktig at ein rekrutterer trenarar og lagleiarar i foreldregruppa så tidleg som mogleg. Det er eit føremon med kontinuitet i rollene og at trenarar føl spelarar over tid. I tillegg til trygge rammer for spelarar er det viktig for klubben å ha trygge rammer for trenarar og dommarar. I dette ligg det å tilby relevant opplæring knytt til dei ulike aldersnivå ein er trenar og dommar for.

Når det gjeld spelarar har planen 2 fokusområde; rekruttering på miniputt og korleis ein skal forhindre fråfall i gruppene og behalde spelarane til dei når senioralder, dvs. til over 17 år.

Syriil Fotball ynskjer å ha solide treningsgrupper, gjerne uavhengig av kjønn og alder, for å skape gode rammer og utvikling av spelarar og miljø. Dette er klubben sitt ansvar, men for å få det til, er vi som ein liten klubb avhengig av at foreldre er med.

Trenarar og lagleiarar er ein viktig del, men samstundes er det fleire andre rollar som både bør, kan og må fyllast. Sjøførarar, tilskodarar, kakebakarar er og viktige støttespelarar for det enkelte laget og for klubben i sin heilheit

Rekruttering av nye årskull

Rekruttering startar ved siste årskull i barnehagealder (5-6 år). Det skal gis informasjon til nye kull vinteren før oppstart gjennom barnehagane. Alle laga skal ha lagleiar og minimum 2 trenarar. 6,7 og 8-åringane har tilbod om 4 turneringar i året. 9-åringane har i tillegg tilbod om seriespel. Dei yngste i Syriil startar med organisert trening om våren det året dei fyller 6 år.

Følgjande aktivitetar skal gjennomførast for nye årskull:

- Informasjonsmøte med foreldre
- Starte tidlegare med fotball om føresette ynskjer det.
- Tine fotballskule
- «Syriilskule»
- Ballaktivetsdag
- Fotballdag for jenter
- Turnering for alle, både aktive og dei som ikkje er med enda.

- Aktivitetsdag for ungane hausten før dei startar med miniputt – Formål er å ha ein introduksjon til fotball basert på leik og moro.

Leiar for miniputt og rekrutteringsansvarleg for miniputt er ansvarleg for rekruttering av nye årskull.

Organisering:

I Syril Fotball er miniputtansvarleg eit styreverv. Saman med miniputtgruppa har vedkommande ansvaret for spelarane i alderen 6-9 år.

I denne oversikta er det berre oppstart og sportsleg ansvar sitt område som vert gått gjennom (i dokumentet Rollar og oppgåver i fotballgruppa Syril er alle rollane/oppgåvene i miniputtgruppa breiare omtalt)

REKRUTTERINGSANSVARLEGE/OPPSTARSANSVARLEGE SINE OPPGÅVER

1. Arrangere foreldremøte i februar med nye kull

der ein presenterer fokusområde i miniputtfotballen, informerer om treningsavgift og medlemskap, foreldrevettreglar, treningstider, få på plass støttespelarar rundt laga, trenarar og lagleiarar. Her er det viktig å hugse på at alle kan bidra med noko. Jo fleire føresette som kjem inn i ein rolle rundt laget, jo større er sjansen for at ein klarer å skape eit godt og trygt miljø. Vi treng fleire forskjellige trenarar, ikkje berre den som rekk opp handa først. Alle foreldre skal føle seg velkomne til å bidra med det dei kan. Ein treng ikkje vere fotballspelar sjølv for å vere ein god trenar på miniputt. Ivrige foreldre gir ofte ivrige ungar, og om ein få fleire med i støtteapparatet rundt laget, kan dette bidra til å hindre fråfall seinare, For dei aller yngste er det sosiale og pedagogiske viktigare enn det fotballfaglege. I kvart kull ynskjer vi 1 trenar pr 5 unge

2. Ansvar for opplæring og oppfylging av nye trenarar og lagleiarar den første tida etter oppstart i samarbeid med sportsleg leiar.

3. Når støtteapparatet rundt laga er på plass, er det eit nytt møte med trenarar og lagleiarar der ein får meir informasjon om kva som vert venta av dei, kven andre i klubben som har ansvar for kva og kven dei eventuelt kan kontakte for å få svar på spørsmål. Info om treningsøkta.no, turneringar, dugnadar, kurs og utdanning og om fair play. Dei vert og informerte om sportsplanen til Syril og korleis ein ynskjer at miniputtfotball skal vere.

SPORTSLEG ANSVARLEG MINIPUTT SINE OPPGÅVER

1. Ansvar for opplæring og oppfylging av trenarar og lagleiarar gjennom sesongen.
2. Påminning om foreldre vett, trenarvett og Syril sportsplan.
3. Fairplaykontrakt
4. Pådrivar og arr av Grasrottenarkurs. Alle trenarar skal ha minst eit delkurs.

TILTAK FOR Å BEHALDE SPELARAR

Rett trenar på rett plass!!! Trenar må leggja lista der spelarane er, gjerne nett litt høgre. Trenarar med ambisjonar som passar berre eit fåtal av spelarane, er nesten ein garanti for at ein vil miste spelarar.

Ein klubb på vår størrelse er avhengig av å ha med alle som har lyst og vi må jobbe for å halde på så mange som muleg om vi ynskjer å stille lag på smågutar/jenter og eldre.

Samarbeid med handball og andre aktivitetar for å unngå samanfall av treningstider.

Legge meir vekt på sosial kompetanse og pedagogiske eigenskapar enn fotballkunnskap hjå trenarar på miniputt.

Fadderordning mellom dei yngste og dei eldste

Tiltak for å behalde spelarar

Syrl fotball har som mål at flest mogleg spelarar skal vera med lengst mogleg. Det er viktig at fotballen har eit inkluderande og godt miljø, der det samhald og inkludering er viktige verdiar innan i og på tvers av ulike grupper. Det er viktig å gi alle eit tilbod og behandle spelarane ut frå deira individuelle behov. Det skal i størst mogleg grad leggest til rette for oppleving av meistring for alle, og alle skal få moglegheit til å få utfordringar i forhold til sine individuelle behov. Alle er like mykje verdt og skal få eit likeverdig tilbod innan fotballen. Syrl fotball skal vera prega av idrettsglede, målet er at fotballen gir alle som er med gode rammer for aktivitet og eit godt sosialt miljø.

Tiltak:

- Alle skal ha utfordringar på sitt nivå. Trenarar som ser både den einskilde spelaren og heilskapen i gruppa. Differensiert treningstilbod, [sjå sportsplan punkt 8](#)
- Meir samtrening og etablere og sikre større treningsgrupper.
- Strukturert og planlagd hospitering innad i klubben, både mellom kjønn og aldersgrupper., [sjå sportsplan punkt 8](#)
- Treningstider må koordinerast mellom både kjønn og alderssteg.
- Differensiering på trening krev større grupper og meir samtrening bør vurderast.
- Spelarsamtalar for å høyre kva den enkelte ynskjer.
- Utvida treningstilbod for ALLE som har lyst å trene meir enn to gonger i veka
- Samarbeide på tvers av alder og kjønn, eventuelt nokre treningsøktar saman med andre klubbar.
- Utdanning av trenarar
- Rett trenar på rett lag.
- Sosiale arrangement og delta på turneringar. Oppstarts- og avslutningssamling for alle lag – med fokus på sosial aktivitet og samhald

Mange spelar fotball for å vere med venner, den sosiale delen er like viktig som sjølve treninga. Me er like avhengig av desse som av dei som spelar fotball for fotballen sin del. Må legge til rette for begge gruppene.

Dømer på diverse tiltak for å motivere dei som står i fare for falle ut:

- Organisert «Morotrening» på tvers av alder, løkkefotball med vaksen ansvarleg
- Innetrening på vinteren
- Intern cup

- Dei som ikkje vil vere aktiv spelar lenger kan bidra på treningane til dei yngste/miniputt og gjerne få meir ansvar der.
- Felles treningsøkt med andre lokale klubbar, trening, mat og sosialt
- Samle laget i sosiale aktivitetar som for eksempel kamp på tv og liknande

Etablere ungdomsutval(12-17) Utval av og med spelarar(minst 1 pr lag, litt etter størrelse på kvart einskild lag) der dei sjølv får komme med forslag til korleis dei ynskjer å ha det og kva dei ynskjer å ha. Vaksen ansvarleg men på deira premissar.

Større krav til fairplay, foreldrevett og trenarvett.

Rekruttering av trenarar

Syriil fotball ønskjer å rekruttere trenarar som blir med frå tidleg alder og følg laga opp i alderstrinna. Det er forventa at flest mogleg av trenarane på miniputt tek grunnleggande trenarkurs retta mot barnefotballen. Alle trenarar skal ha minst eit delkurs i Grasrottenar.. Klubben legg til rette for at det vert eit tilbod for alle å ta desse kursa. Det er ønskjeleg å rekruttere yngre trenarar som kan delta på dei minste alderstrinna. Det skal gis tilbod og tilstrekkeleg oppfølging av ungdom som ønskjer å prøve seg som trenarar.

For aldersbestemt er det ønskjeleg at trenarane tek trenarkurs retta mot grunnleggande nivå for ungdomsfotball. Klubben vil legge til rette for at trenarane får tilbod om relevante kurs.

Tiltak

- Rekrutteringsaktivitet mot ungdom som trenarar
- Kursing av trenarar på alle relevante nivå

Rekruttering av dommarar

Syriil fotball vil styrke dommarutviklinga i klubben. Målet er at fleire tek dommarutdanning, at vi skal støtte dei som vil satse og ha nok eigne dommarar til kampavvikling, sjå [sportsplan punkt 7](#) for meir informasjon. Eiga dommargruppe som fyl opp dommarane med tilbakemeldingar og støtte etter kampar.

6.15 Utdanning og kompetanse

Det er eit mål for Syriil fotball å ha god kompetanse på styremedlemmer, lagleiarar, trenarar, dommarar og andre roller i klubben. Klubben vil derfor legge til rette for kompetansetiltak.

Mål leiarutdanning: Fleirtalet i styret skal ha NFF sitt leiar I kurs. Syriil fotball dekkjer kostnaden til kurset som NFF Sogn og Fjordane tilbyr.

Mål trenarutdanning:

Barnefotball (5-9): Minst ein trenar per lag med minimum Grasrottenar Del 1. Alle trenarar skal delta på trenarforum og barnefotballkvelden.

Barnefotball (10-12) Lillegutt/Lillejenter: Målet er minst ein trenar som har fullført NFF Grasrottenarkurs, minimum Del 1 og 2, eller tilsvarande. Alle trenarar skal delta på trenarforum og barnefotballkvelden.

Ungdomsfotball (13-14) Smågutar/Småjenter: Målet er minst ein trenar som har fullført NFF Grasrottenarkurs, minimum Del 1 og 3, eller tilsvarande. Alle trenarar skal delta på trenarforum og ungdomsfotballkvelden.

Ungdomsfotball (15-17) Gutar/Jenter: Målet er minst ein trenar som har gjennomført NFF Grasrottenarkurs, eller tilsvarande, minimum Del 1 og 3, eller tilsvarande. Alle trenarar skal delta på trenarforum og ungdomsfotballkvelden.

Seniorfotball Herre/Dame: Målet er minst ein trenar som har gjennomført NFF Grasrottenarkurs, eller tilsvarande eks. NFF C-lisens.

SyriL fotball vil arrangere minst ein del av dei fire delane som NFF Grasrottenarkurset består av kvart år, eventuelt fleire deler. Det vil også vera muleg å reise til andre klubber for å gjennomføra trenarkurs. Klubben dekkar deltakaravgift til kursa. Er det andre kurs i NFF sitt utdanningstilbod som våre trenarar vil ta så er klubben positive til det.

Mål dommarutdanning

Styrke dommarutviklinga i klubben, ved å tilby:

- Dommarkurs til ungdommar i aldersgruppa 14-17 år
- Rekrutteringsdommarkurs til klubbdommarar frå 15 år
- Sosial kveld kombinert med oppdatering

6.16 Treningstider

<https://syriL.no/ball/fotball/trening/>

Ansvarleg for aldersbestemte lag har ansvar for å sette opp treningstider, i samarbeid med trenarar/lagleiarar. Vedkommande er og ansvarleg for å fordele treningstid inne i Saften/ungdomsskulen og fronte fotball sine behov.

6.17 Kampoppsett

Ligg på heimesida til SyriL:

<https://syriL.no/ball/fotball/kamp/>

6.18. Flytting av kampar

- Bør unngåast
- Viss ein skal flytte kampar må ein sjekke både Syril-kalendaren (der står alt som skjer på kunstgrasbana) og trenings-oppsettet. Alle kampdagane er lagt inn i trenings-kalendaren, men det er ikkje heimekamp kvar veke, ergo er det mange ledige tider der.
- Viss ein skal spele kamp i treningstida må ein vurdere ut frå kor mange andre som er på bana samtidig. Ein skal helst unngå at andre lag ikkje får treningsøkt pga. flytting av kampar.
- Kampar som blir flytta må meldast til heimesideansvarleg (Birte Andersen) så fort som mogleg, ho legg det inn i Syril-kalendaren.
- [Bruk reglane til kretsen](#)

7. Fair Play i praksis

Fair play er samlebegrepet frå NFF sitt verdiarbeid - og handlar om overordna verdiar, respekt for andre og om å forsterke venskap. Fair play er mykje meir enn raude og gule kort. Fair play er ei spegling av samfunnsverdiar, og skal flette saman samfunnsverdiane og dei individuelle handlingane vi som idrettslag utfører. Fair play er eit nyttig verktøy som skal brukast i klubben for å skape eit godt miljø både sportsleg og sosialt. Gjennom bruk av Fair Play sin verktøykasse kan både spelarar, trenarar, foreldre, leiarar og andre bidra til å skape samhald og ein klubbkultur som er prega av gode haldningar og respekt mellom alle partar. Gjennom å opptre som gode rollemodellar og ta eit aktivt ansvar i haldningsarbeidet ynskjer Syril fotball å forsterke lokalsamfunnet vårt. For å forhindre fråfall har vi alle eit ansvar for å skape trivsel og tryggleik i klubben. Sjå NFF sine Fair-Play sider for utfyllande informasjon:

<https://www.fotball.no/fotballens-verdier/fair-play/>

<https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/verdier-og-virkemidler/>



Korleis skal vi utøve Fair Play i Syril

Alle kjenner til Fair Play:

- Alle lag skal minimum 1 gong pr år gå gjennom retningslinjene for Fair Play. Alle spelarar og inngå FP haldningskontrakt. Trenarar/lagleiar har ansvar for at dette vert gjort.
- FP skal vere på agendaen på minst 1 foreldremøte pr sesong
- Fair Play skal vere på agendaen på minst 1 møte i året i møter med trenarar/lagleiarar
- Fair Play ansvarleg i styret skal om orientere om status og ev hendingar i styremøte

Kva skal du som spelar bidra med?

- Ta godt vare på medspelarane dine og ver inkluderande
- Unngå stygt spel og filming
- Få alle til å kjenne seg trygge og skap god lagkjensle både på og utanfor bana
-

Korleis gjer du dette?

- Trene og spele kampar med godt humør
- Behandle med- og motspelarar med respekt
- Hjelp skada spelarar uansett lag
- Takke motstandarar for kampen
- Ikkje kjeft på spelarar eller dommarar
- Ikkje bruk stygge/upassande ord eller hets.

Brot på Fair play-reglane skjer ikkje berre på kamp men du bryt også Fair Play reglane ved å oppføre deg dårleg ved å:

- Kjefte på eigne lagkameratar på trening
- Ta stygge taklingar på trening
- Omtale dommarar og spelarar dårleg på sosiale media
- Utestenging

Spelarar signerer årleg haldningskontraktar (lenke) som er ein avtale mellom Syril og spelar for oppfølging av haldningsarbeidet.

Kva skal du som trenar og lagleiar bidra med?

Som trenar og lagleiar har du eit ansvar for at spel og treningar blir gjennomført i Fair Play andå si hensikt og legge til rette for eit godt sosialt miljø. Du skal aktivt sørge for at spelarane dine kjenner til reglar og retningslinjer og kva forventningar du har til spelarane, og vidare sørge for at reglar blir følgt og reagere på brot. Det kan oppstå gråsoner i tolkinga for kva som er innanfor, akseptert eller brot. Det oppfordrast difor til at trenarane frå aldersbestemt og eldre etablerer reglar for laget og at ein blir samde om kva som er akseptert og ikkje, samt konsekvensar ved brot.

Vidare er det forventa ei aktiv rolle for å sikre inkludering og integrering ved å tilrettelegge for like betingelsar ved deltaking og ei forståing for ulike kulturar. Døme på dette kan vere å påsjå at informasjon er motteken, forklare korleis systemet med trenar, lagleiar, kamp, treningar, dugnader, treningsavgifter og hospitering fungerer til nye spelarar/føresette og invitere nye innbyggjarar på trening.

I arbeidet med born og unge er samhandlinga utanfor fotballbana også viktig. Å skape ein kameratgjeng gir positiv effekt gir igjen på mange måtar. Å utvikle eit godt lagmiljø er i stor grad avhengig av trenarar og lagleiarar, som må vere opne og kameratslege samstundes som det vert sett klare grenser for kva som er tillete og ikkje.

Lagleiar må sørge for at kampvertane kjenner kva som ligg til rolla med kva oppgåver som skal gjennomførast og kva oppførsel/situasjonar som skal reagerast på. Lagleiar skal ta dette opp som informasjon på foreldremøte.

Du som trenar eller lagleiar skal sørge for at spelarane dine forstår:

- Situasjonen og funksjonen til domaren
- At domaren må ta raske val og det det hender dei dømer feil og det må vi godta
- At det er viktig å ikkje overreagere på avgjerslene til dommaren. Kjefting fører berre til straff

Tenk over «eksempelets makt» - handlingane dine og mangel på handlingar har stor betydning.

I barnefotballen (6-12 år) handlar Fair play også om jambyrdig motstand. Når kampen blir ujamn, tenk etter kva verkemiddel du har for å få ein jamnare kamp.

I grasottrenarutdanninga har fair play ein sentral plass. Det er difor viktig at trenarar i barne- og ungdomsfotballen tek dette kompetanseløftet.

Trenarar og lagleiarar signerer årleg haldningskontraktar (lenke) som er ein avtale mellom Syril og trenar/lagleiar for oppfølging av haldningsarbeidet.

Kva skal du som kampvert bidra med?

Kampverten er Syril fotball sitt ansikt utad og skal vere tilstade under kamp og sørge for ei fin ramme rundt kampen. Verten skal sørge for at tilreisande lag kjenner seg godt motteke og følge opp Fair play gjennom kampen.

Kampverten sørgjer også for at foreldre, føresette og publikum finn sin plass på motsett side av lagleiar/spelarsida og minst to meter frå sidelinja. Kampverten har gul kampvertvest og skal kjenne til foreldrevettreglane og ha med seg foreldrevettkort. Dersom tilrop går over streken skal kampvert ta kontakt. Dommaren skal gjerast god.

På <https://www.fotball.no/globalassets/samfunnsansvar-og-verdier/fair-play/kampvert.pdf> finn du informasjon om kva oppgåver ein kampvert elles har.

Fair-play ansvarleg i styret kan gje råd og bistå trenarar, lagleiarar m. flm. i samband med FP.

Handlingsplan ved brot på Fair play verdier

Brot på retningslinjer om Fair Play skal følgjast opp og få konsekvensar.

- Alle som ser at nokon vert urettmessig behandla har eit sjølvstendig ansvar for å seie i frå.
- Trenarar/oppmenn/tillitsvalde har eit særskilt ansvar for å stoppe uakseptabel ådferd.
- Fair Play-ansvarleg i styret og sportsleg leiar har rolla som varslingsorgan for uønska hendingar relatert til Fair Play.
- Idrettslaget skal ha låg barriere for varsling, og policy om informasjonsdeling. Personvern skal likevel ivaretakast. Alle skal kunne varsle om uønska hendingar knytt til fotballgruppa sin aktivitet eller medlemmar.
- Ved brot på Fair Play og NFF sitt regelverk kan klubben setje i verk sanksjonar mot spelarar, trenarar, lagleiarar, andre frivillige, føresette eller tilskodarar.
- Sportsleg utval kan setje i verk suspensjon medan saka vert vidare utgreia. Ved alvorlege sanksjonar som t.d. karantene elles utestenging frå verv skal saka ha skrifteleg saksførebuing/vedtak.

Uønskt åtferd/oppførsel av spelar

Trenarar/lagleiarar sanksjonerer umiddelbart ved brot av Fair Play på kamp/trening. Alvorlege eller gjentakande saker skal straks løftast til Fair Play-ansvarleg og sportsleg leiar som saman trenar/lagleiar kopljar på føresette. Følgjande tiltak kan vurderast:

- Snakke til vedkommande
- Ta spelar av bana
- Karantene frå trening og kamp

Sanksjon med bruk av karantene kan besluttast av sportsleg utval.

Uønskt åtferd/oppførsel av foreldre, føresette og tilskodarar

Dersom det oppstår eit behov skal kampvert ta aksjon ovanfor vedkommande under kamp. Følgjande tiltak/sanksjonar kan vurderast:

- Snakke til vedkommande
- Vise vekk vedkommande frå arrangement

Fair Play ansvarleg skal informerast om hendinga.

Uønskt åtferd/oppførsel frå lagleiarar, trenarar og støtteapparat

Varsel som gjeld lagleiar/tillitsvalde skal rapporterast til ansvarleg Fair Play eller sportsleg leiar. Følgjande tiltak/sanksjonar kan vurderast:

- Snakke til vedkommande
- Frata mynde i gjeldande arrangement (bortvisast til tribunen)
- Vise vekk vedkommande frå arrangement
- Blir fråteke/utestengd frå verv

Ansvarleg for Fair Play i lag med sportsleg leiar utgreier saka:

- Kontaktar varslar for opplysningar i saka og informerer om vidare saksgang
- Informerer tillitsvald som er innklaga om kva saka gjeld og bli informert om vedkommande sin versjon av hendinga og informere om vidare saksgang
- Belyse saka ytterlegare ved å kontakte andre relevante personar.
- Sportsleg utval behandlar saka og hovudsakeleg er ein av tre avgjerder aktuelle:
 1. Saka vurderast til å vere av ein slik karakter at det anbefalast at saka løysast internt i laget. Representant for sportsleg utval/FP-ansvarleg kan delta vidare i interne møter der saka skal drøftast
 2. Sportsleg utval vurderer dei faktiske tilhøva i saka og avgjer tiltak/sanksjonar basert på dette
 3. Saka vurderast til å vere av svært alvorleg karakter (politisk). Styret i fotballgruppa skal straks involverast og saka skal gå til leiar i hovudstyret til Syril.
- Vedtak med grunngjeving skal vere skriftleg. Fair Play-ansvarleg/sportsleg leiar informerer både den som har klaga og den som er innklaga om avgjerda og saka er då lukka. Når saka har fått ei avgjerd etter punkt 1 og 2, er det gjeve anledning til å sende inn skriftleg klage til styret i Syril fotball. Det skal opplysast om klageretten i den skriftlege tilbakemeldinga frå sportsleg utval.

Tilbakemeldingar og sanksjonar frå krets som gjeld Fair Play

Sportsleg leiar og FP-ansvarleg har ansvar for respons, reaksjon og oppfølging av tilbakemeldingar og sanksjonar frå krets. Dette kan delegerast til trenarteamet dersom det er hensiktsmessig.

Trenarteam, styret og sportsleg utval skal informerast ved tilbakemeldingar og sanksjonar frå krets.

8. Samarbeid med andre klubbar

Vi ynskjer eit godt samarbeid og ope tilhøve til våre naboklubbar. Det er viktig at klubbane i Sogn kan stille lag og utvikle eit godt fotballmiljø

Cupar

- Når ein spelarar skal delta på cup med ein annan klubb enn den klubben spelaren er registrert i, skal kontakt gå gjennom sportsleg leiar i Syril. Det gjeld og ved når Syril låner spelarar frå andre.
- Deltaking skal ikkje gå på bekostning av spel med eige lag.
- Sportsleg leiar tek kontakt med aktuell klubb og trenarar/foreldre i eigen klubb
- Dette må skje i god tid før cup
- Det må skrivast utlånsavtale, signerast av sportsleg leiar i begge klubbane. Forsikring er knytt til avtalen.

Trening med andre klubbar utanom og i sesong

- Skal avklarast med sportsleg leiar
- I sesong skal ein primært trene med eige lag (med unntak av utviklingstiltak)

Permanent overgang

Vi ynskjer eit godt samarbeid og ope tilhøve til våre naboklubbar. Det er viktig at klubbane i Sogn kan stille lag og utvikle eit godt fotballmiljø. Syril ynskjer at unge spelarane skal tilhøyre sin klubb i nærmiljøet. Normalt ynskjer vi ikkje fast overgang til vår klubb frå spelarar under 15 år frå andre lag som har tilbod i sin klubb. Alle overgangar frå andre klubbar skal gå via sportsleg leiar.